



Margunn Melkersen fra SØRAL hadde fortente blomar til Mona Vetrhus, Camilla Fonneland og Kari Malmanger. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag vart det sett eit fint punktum for ein allsidig Kvinnherad Kulturfestival 2007 på Husnes og uskedalingane var i høgste grad med i denne siste fasen.

Mona Vetrhus var ein av tre i framsyninga med ord, musikk og bilete på Undarheim gard og Røysterrett for alle og dirigent og solosongar Maria Malmsten deltok i kyrkjeconcerten om kvelden.



Røysterett for alle gjorde særleg inntrykk med "Lenge leve livet" (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mona Vetrhus (32), Kari Malmanger (28, frå Rosendal) og Camilla Fonneland (27, frå Sunde) ynskje at ord, musikk og bilete skulle danne ei felles estetisk oppleving der uttrykkja kunne utfylla kvarandre. Det er ingen tvil om at dei lukkast godt med det og fekk fram eit nytt døme på harmonisk sambuarskap mellom fleire kunstnarlege uttrykkformer.

Mona er no praktikant ved Nynorsk mediesenter i Førde der ho blant anna får prøva seg som journalist i Sogn og Fjordane radio. Men det er som diktskrivar ho førebels har gjort seg mest gjeldande. Ho er sterkt inspirert av den korte og presise haiku-forma der ho ynskjer å seia mest mogeleg med færrest moglege ord. Det fekk tilhøyrarane i høg grad sanne på Undarheim. Mange av dikta er svært knappe og alle er slett ikkje like lett tilgjengelege. Men fleire er vakre og har ein lettfatteleg bodskap. Her er eit døme: 'Eg vil vera edderkopp, spinna tryggleiksvev rundt deg og ikkje sleppa skuggar inn'.

Kari er akkurat no distriktsmusikar i Førde og held på med ei masteroppgåve i etnomusikologi ved Universitetet i Bergen. Den flinke songaren frå baronibygda er ikkje redd for å gå nye elektroniske vegar og boltra seg svært i dei to forestillingane på Undarheim. Det ho og Mona baud på saman var både spanande og friskt og det var tydeleg at dei inspirerte kvarandre sterkt.

Camilla arbeider no som biletkunstnar på Jøløya ved Moss og skal ha den første separatstillinga si i Rosendal til hausten. Ho er allsidig og produksjonen spenner fra todimensjonale maleri til tredimensjonale installasjonar med lyset som sentralt element.


Kyrkjekonserten, som fleire burde ha vore til stades på, hadde dei to dyktige blandakora Husnes Blandakor og Røysterett for alle som sentrale aktørar. Jakob Sandes vakre 'Voggesong til Siri' var sentral i programmet til vertskoret denne gongen medan det er særleg grunn til å trekka fram 'Länge leve livet' frå songlista til Uskedalskoret. No syng dei den så ofte og med slik innleving at den er i ferd med å bli ein signaturlmelodi. Ellers har vi høyrd koret meir inspirert enn sundag kveld, men heller ikkje det kan vera på topp alltid.

Men det har vi inntrykk av at dirigenten er! Maria Malmstens avdeling er det ein vil hugsa lengst også frå denne konserten. I avdelingen hennar med nordiske folketonar var det denne gongen to fra Sverige og to frå Noreg og ho fylte atter kirkerommet med si mektige røyst. Og så er ho ekspert på effektfulle entrear og avslutningar.

Denne gongen tralla ho koret sitt på plass og tralla seg sjølv ut i vinterkvelden etter soloavdelinga!

Den nye organisten i Husnes kyrkje, Tone Synnøve M. Hellesøy, leia arrangementet. Ho er førebels flinkare til å spela piano enn orgel. Ho imponerte både med Mendelssohn og Bach, også saman med fløytisken Kristine Hestad.

Av Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten hade ein fin folkemusikk-avdeling. (Foto: Ola Matti Mathisen)